



Revidert forvaltningsplan for Stølsvidda 2026-2031



Foto på framsida: Turid Ferden Wangensteen, Anne Karoline Ness og Nils Ole Baalsrud

Innhold

| | |
|---|----|
| | 1 |
| 1 Innleiing..... | 4 |
| Bakgrunn og fakta | 4 |
| Ei nasjonal anerkjenning | 4 |
| Ei internasjonal anerkjenning | 5 |
| Ein plan for framtida..... | 5 |
| 2 Bakgrunn Stølsvidda: Vår felles arv, vår felles framtid | 6 |
| Korleis du kan bruke planen | 6 |
| Styringsgruppa for Stølsvidda gjev føringar for forvaltninga av området som utvald kulturlandskap. | 6 |
| 3 Mål | 7 |
| 4 Tilskotsordningar for å nå mål | 8 |
| Kva kan du søkje tilskot til? | 8 |
| 1. Skjøtsel og rydding av beiteareal..... | 8 |
| 2. Istandsetjing av bygningar og kulturminne..... | 8 |
| 3. Investeringar for aktiv stølsdrift..... | 8 |
| Korleis søker du? | 9 |
| 5 Meir om kva og kor Stølsvidda er | 10 |
| Eit landskap forma av næringsrik natur og aktivt jordbruk | 13 |
| Rikt på historie og liv..... | 14 |
| 6 Spor etter folk og fe gjennom tidene | 14 |
| Frå steinalderjakt til jernalderens industri | 14 |
| Stølsdrifta veks fram | 15 |
| Eit system med klokskap | 15 |
| Jordbruk og driftsformer – hjartet i kulturlandskapet | 15 |
| Utviding av jordbruksareala | 16 |
| Beitebruk – nøkkelen til det opne landskapet | 16 |
| Utfordringar med attgroing og forfall | 17 |
| 7 Eit attraktivt område for friluftsliv og reiseliv..... | 19 |
| Hytter og fritidsbustader | 19 |
| Eit eldorado for turfolk og aktive..... | 19 |
| Godt tilrettelagt for publikum | 19 |
| Turistbedrifter og anna næring..... | 20 |
| 8 Eit rikt natur- og dyreliv – forma av stølsdrifta | 20 |
| Eit fugleparadis skapt av vatn og beite..... | 21 |

| | |
|--|----|
| Kulturhistoriske verdier: Eit landskap rikt på spor | 21 |
| Den eldgamle jernvinna..... | 22 |
| Samiske spor og førhistoriske funn | 22 |
| Andre kulturspor og tradisjonar | 22 |
| Bygningsmiljøet: Eit levande museum..... | 22 |
| Kvifor ta vare på historia | 23 |
| Lovverk – status og tiltak | 24 |
| Områdets status i plan- og bygningsloven | 24 |
| Litteraturliste – for den som vil lære meir om området | 26 |
| Vedlegg 1- Liste over stølslag..... | 27 |
| Vestre Slidre..... | 27 |
| Nord Aurdal:..... | 27 |
| Vedlegg 2: Bygningsmiljøene | 28 |
| Bygningsliste Vestre Slidre kommune: | 28 |
| Bygningsliste Nord-Aurdal kommune: | 29 |



1 Innleiing

Bakgrunn og fakta

Stølsvidda i Vestre Slidre og Nord-Aurdal vart i 2018 utpeikt som Utvald kulturlandskap i jordbruket (UKL). Dette er eit av Noregs største og mest samanhengande stølsområde, ei open vidde der rundt 570 stølar ligg spreidd i konsentrerte stølslag. Målet med utvalde kulturlandskap er å ta vare på spesielt verdifulle landskap med store natur- og kulturminneverdiar og sikre aktiv drift og skjøtsel på lang sikt.

Området er på ca 348 km² og er ein aktiv arbeidsplass for folk og fe, og eit kjært friluftsområde. Kvar sommar blir landskapet halde ope av beitedyr frå eit aktivt jordbruk. I dag er det om lag 46 stølar som driv med tradisjonell mjølkeproduksjon på Stølsvidda, fordelt med 19 hentepunkt for mjølk i Nord-Aurdal og 28 hentepunkt for mjølk i Vestre Slidre (tal pr. 2024). Det er 27 hentepunkt for kyrmjølk og eit for geitemjølk. Dette har vore ganske stabilt tal sidan den fyrste planen kom i 2017 - då var det 30 i Vestre Slidre og 17 i Nord Aurdal, til saman 47 stk.

I tillegg kjem gardar som har sau, geit og hest på utmarksbeite. Det var til saman 6948 dyr som beita på Stølsvidda i 2024. Dette fordeler seg slik på de ulike dyreslagene i kvar av kommunane.

Tabellen syner talet på gardar med dyr på Stølsvidda, talet på stølar med mjølkekyr og totale tal for kyr, sau, geit og hest som beitar på Stølsvidda.

| 2024 | Gardar med dyr på Stølsvidda | Hentepunkt med levering av mjølk | Kyr og andre storfe | Sau og lam | Geit | Hest |
|------------------|------------------------------|----------------------------------|---------------------|-------------|------------|-----------|
| NAK | 45 | 19 | 1109 | 2637 | 38 | 0 |
| VSK | 58 | 27 | 1741 | 1015 | 243 | 11 |
| Sum begge | 96 | 46 | 2850 | 3652 | 281 | 11 |

Tabell 1: Dyr på Utmarksbeite på Stølsvidda – fordelt på kommune og type husdyr. Kjelde: Fagsystema for tilskott i jordbruket eStil, RMP og eStil PT.

Det var til saman 12 313 dyr som beita totalt i Nord Aurdal og Vestre Slidre i 2024. Det vil seie at 56,4 % av beitedyra i dei to kommunane er på Stølsvidda. I Vestre Slidre er dei fleste beitedyra på Stølsvidda, medan Nord-Aurdal har fleire stølsområde utanfor Stølsvidda.

Ei nasjonal anerkjenning

Stølsvidda er eitt av 51 UKL- område i Noreg, utvald av Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Statusen som Utvald kulturlandskap i Landbruket inneber ikkje vern eller juridiske bindingar, men kommunane har ansvar for å sikre området gjennom planlegging etter plan- og bygningslova. Ordninga opnar òg for tilskot til dei som forvaltar landskapet. Det er Vestre Slidre kommune som administrerer tilskotsordninga på vegne av begge kommunane. Det kjem årlege midlar frå Klima- og miljødepartementet og jordbruksavtalen til Statsforvalteren, som fordeler dei mellom dei sju utvalde kulturlandskapa i Innlandet.

Ei internasjonal anerkjening

Dei siste tiåra har talet på aktive stølar gått ned, og kunnskap har stått i fare for å gå tapt. I ei uroleg verd, der matsikkerheit og bruk av norske ressursar har fått ny aktualitet har stølane fått ny og auka anerkjening. Stølsdrifta har vorte innskrive på **UNESCO si liste over immateriell kulturarv**. Dette er ikkje ei anerkjening av gamle hus eller museumsgjenstandar, men av den **levande kunnskapen** – om beitedyr, naturmangfald, tradisjonshandverk og matkultur. Det er kunnskapen i hendene og hovuda til dei som driv jorda som no er rekna som ein umisteleg del av verdsarven. Menneskeætta, gjennom UNESCO, har snudd seg mot Noreg og bedt oss om å ta vare på denne levande arven for framtida. Dette gir oss ei unik moglegheit. Anerkjenninga samlar vilje, skaper merksemd og frigjer ressursar for å bevare og styrke det særeigne landskapet vårt. Statusen som **Utvald kulturlandskap (UKL)** er eit konkret verktøy som gjer oss i stand til å møte denne utfordringa i dette utvalde område.

Ein plan for framtida

Denne forvaltningsplanen gjeld for perioden 2026–2031 og er ei revidering av planen frå 2017. Målet er å setje klare mål og prioriteringar for korleis vi best kan ta vare på og utvikle dei unike verdiane på Stølsvidda. Dei kan best sikrast gjennom bruk.

For at dette unike kulturlandskapet skal leve vidare, er vi avhengige av folk og fe. Vi er avhengige av bønder og grunneigarar som trivast på stølen, og ser verdien i å bruke stølane sine og halde tradisjonane i hevd. Styringsgruppa ynskjer derfor at denne planen skal vere til inspirasjon og ei anerkjening av den viktige jobben bønder /grunneigarar gjer som forvaltarar av landskapet.



Utsikt mot Grønnsennknippa. Foto: Tone Ranheim

2 Bakgrunn Stølsvidda: Vår felles arv, vår felles framtid

I hundrevis av år har stølsdrifta vore sjølvne livsnerven i bygdene våre. Beite i fjellet var avgjerande for å overleve, for å skaffe nok fôr til dyra og mat på bordet. Etter kvart vart kunnskapen om ysting og kinning brukt til å lage ettertrakta stølsprodukt som gav inntekt og velstand. Aktiviteten på stølane har forma landskapet vi ser i dag – dei opne viddene, artsrike beiteområde og dei tette stølsgrendene.

Korleis du kan bruke planen

Denne forvaltningsplanen er laga for å vere eit praktisk verktøy. Målet er **å skape ei felles forståing** for dei verdiane vi skal ta vare på, og dei moglegheitene som ligg framfor oss. Planen sørgjer for at vi alle – grunneigarar, gardbrukarar, kommunar og stat – dreg i same retning, og at midlane blir brukt der dei gjer mest nytte. Dei overordna måla, informasjon om kva slags tiltak du kan få støtte til. Korleis du kan søkje om midlar for å ta vare på og utvikle eigen eigedom og drifta di. Dette står fremst i plana. Forvaltningsplanen skal vera for å tenkje langsiktig om bruk av tilskotsmidlar og andre tiltak for å ta vare på og utvikle stølslandskapet. Styringsgruppa skal laga ein årleg handlingsplan med prioriteringar som støtter opp om forvaltningsplanen. Kommunen lyser ut tilskotsmidlar med informasjon om årets prioriteringar.

Forvaltningsplanen gjeld for 5 år. Denne versjonen avløyser den førre forvaltningsplanen som vart utarbeidd i 2017-18.

Planen er revidert av Anne Marie Mørstad og Eirik Kolbjørnshus, Vestre Slidre kommune, Guro Øvergaard, Nord-Aurdal kommune og Tone Ranheim, Valdres Næringshage.

Styringsgruppa for Stølsvidda gjev føringar for forvaltninga av området som utvald kulturlandskap.

Statsforvaltarens landbruksforvaltning er koordinator på regionalt nivå og samarbeider tett med kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen. Regional landbruks-, natur -og kulturmiljøforvaltning skal rettleie kommunane, og dei har ei viktig rolle i å bidra til tverrfagleg kompetanse og koordinering på tvers av kommunane i fylket. Statsforvaltaren kan delta i lokale styringsgrupper saman med kommunane.

Statsforvaltaren er klageinstans og skal føre kontroll med tilskotsordninga.

Styringsgruppa pr. 2026 består av:

Berit Hilmen-Svanheld, Ulnes utmarkslag
Nils Oddvar Hippe, Svennes utmarkslag
Endre Stee, Vestre Slidre fjellstyre
Eirik Kolbjørnshus, Vestre Slidre Kommune
Guro Øvergaard, Nord-Aurdal Kommune

Observatørar:

Stig Horsberg, Statsforvaltaren i Innlandet.
Magnhild Apeland, Innlandet Fylkeskommune

3 Mål

- **Å styrke stølsdrifta:** Støtte investeringar som gjer det enklare å drive tradisjonelt og berekraftig.
- **Å halde landskapet ope:** Støtte til tiltak som hindrar attgroing og sikrar at dei verdifulle beiteareala kan nyttast.
- **Å ta vare på bygningsarven og kulturmiljøet:** Gje støtte til vedlikehald og restaurering av dei tradisjonelle bygningane på stølane.
- **Å styrke det biologiske mangfaldet:** Gje tilskot til skjøtsel som tek vare på artsrike enger og beitemarker.
- **Å bidra til å sikre god besøksforvaltning** på Stølsvidda med omsyn på landbruk, natur og ferdsel.

Planen skal bidra til å oppretthalde eit stølspåverka kulturlandskap gjennom aktiv stølsdrift og bruk av utmarksbeite, den skal bidra til at desse driftsformer blir økonomisk interessante for gardbrukarane og eit miljøgode for allmenta.

Planen skal fange opp dei mange verdiane som er i området og sikre både landskaps-, natur- og kulturminneverdiar og aktiv drift.



På Breiset. Foto: Anna Karoline Ness.

4 Tilskotsordningar for å nå mål

Forvaltningsplanen er meir enn berre ord; den er eit verktøy som opnar for økonomisk støtte til deg som driv og steller jorda på Stølsvidda. Tradisjonell stølsdrift er eit overordna mål. Målet med tilskota er difor å gjere det meir lønsamt å halde i hevd dei verdiane som gjer kulturlandskapet vårt unikt.

Kva kan du søkje tilskot til?

Tilskotsordninga er fleksibel og skal tilpassast behova på din eigedom. Her er døme på kva slags tiltak du kan få støtte til jf. dei overordna måla nemnt i kapittel:

1. Skjøtsel og rydding av beiteareal

Dette er tiltak for å opne opp landskapet og forbetre beitekvaliteten.

- **Krattknusing og hogst:** Rydding av einer, vier, bjørk og gran på innmark og i utmark for å auke beitearealet.
- **Gjerdehald:** Oppsetting eller reparasjon av gjerde for å styre beitinga og halde stølsvollar i hevd. Både tradisjonelle skigardar og moderne gjerde og virtuelle gjerde som Nofence/Monil kan vere aktuelt.

2. Istandsetjing av bygningar og kulturminne

Dette er tiltak for å ta vare på den unike bygningsarven på Stølsvidda.

- **Restaurering:** Støtte til istandsetting og vedlikehald av sel, fjøs, løer og andre tradisjonelle stølsbygningar. Dette kan gjelde alt frå tak og veggar til grunnmur, men ikkje innvendige tiltak.
- **Synleggjering av kulturminne:** Tilskot til rydding og enkel tilrettelegging ved lokale kulturminne på stølslaget, som gamle tufter eller ferdselsvegar.

Valdresmusea har god kunnskap og oversikt over freda og verneverdige bygningar. Museet gjorde ei kartlegging av verdifulle og sjeldne bygningsmiljø og bygningstypar i 2019. Der har dei prioritert nokre stølsmiljø av høg kvalitet, og dessutan bygningstypar som er truga. Mange bygningar som løer og kokehus har gått ut av bruk, og det er ynskjeleg å prioritere slike små bygningstypar.

Det finnes også andre tilskotsordningar ein kan søke på, m.a. Kulturminnefondet og SMIL-ordninga (spesielle miljøtiltak i jordbruket). Kommunane har god oversikt over korleis ein kan søkje desse tilskotsordningane.

3. Investeringar for aktiv stølsdrift

Dette er tiltak som gjer det enklare å oppretthalde eller starte opp med mjølkeproduksjon på stølen.

- **Vatn og straum:** Støtte til boring etter vatn eller innlegging av straum på stølen.
- **Modernisering:** Tilskot til istandsetjing av fjøs eller mjølkestall for å møte moderne krav.
- **Andre tiltak** som er naudsynte for drifta.

Korleis søker du?


Vestre Slidre kommune forvaltar tilskotsordninga på vegner av begge kommunane. Ta kontakt med landbrukskontoret i kommunen din for rettleiing og hjelp til å utforme ein søknad. Det blir halde jamlege samlingar og dialogmøte med stølseigarar for å sikre at ordninga blir så treffsikker og nyttig som mogleg.



På Trøllhøvd. Foto: Ragnhild Mobæk

5 Meir om kva og kor Stølsvidda er

Stølsvidda er eit av Noregs største og mest levande stølsområde. Det strekkjer seg over ca. 348 km² i Vestre Slidre og Nord-Aurdal, og er eit samanhengande landskap prega av opne vidder og konsentrerte stølslag. Området er definert av grensene til dei tre store grunneigarane: Vestre Slidre statsalmenning, Ulnes sameige og Svennes sameige.



Figur 2. Kart over stølsområda i begge kommunene. Innanføre rosa strek: Vestre Slidre statsalmenning. Lilla område: Ulnes sameige. Raudleg område: Svennes sameige





Fig. 5. Lokalisering av Svennes sameie (Statens kartverk N-250, avt.nr 71003-R44426).



Fig. 5. Lokalisering av Ulnes sameie (Statens kartverk N-250, avt.nr 71003-R44426).




Figur 6 Plassering av den delen av Vestre Slidre statsalmenning som er med i UKL Stølsvidda.

Dette er eit landskap som lever. Det er rikt på opplevingar og er eit kjært turområde for fastbuande, hytteeigarar og tilreisande. Men viktigast av alt: Det er ein aktiv arbeidsplass. Utmarksbeite for storfe og småfe er avgjerande for å halde landskapet ope og levande, noko som er gjort gjennom mange generasjonar.

Fordelingen av landarealet på markslag:

| Markslag | Bebygd | Samferdsel | Fulldyrka jord | Overflate-dyrka jord | Innmarks-beite | Skog | Åpen fastmark | Myr |
|------------------------|--------|------------|----------------|----------------------|----------------|-------|---------------|------|
| Areal, km ² | 0,34 | 1,15 | 8,68 | 0,94 | 3,95 | 79,94 | 152,86 | 72,3 |



Kartområde Norgesbilder. Her ser vi korleis området er svært flatt i aust, og blir brattare mot vest. Kjelde: NIBIO-rapport

Eit landskap forma av næringsrik natur og aktivt jordbruk

Stølsvidda har ein unik karakter som eit «seterlandskap med viddekarakter». Mykje av løyndomen ligg i berggrunnen. Næringsrik fjellgrunn (fyllitt og glimmerskifer) gjev eit godt og variert jordsmonn. Dette skaper ein mosaikk av ulike naturtypar:

- **Fjellskog og opne vidder:** Mesteparten av området ligg i og rett under den naturlege skoggrensa for bjørk. Langvarig stølsdrift, med hogst, beiting og slått, har skapt dei store, opne areala med rishei, dvergbjørk, einer og lyng som pregar landskapet.
- **Frodig mangfald:** I liene og langs bekke drag finn ein artsrik engbjørkeskog der frodig vegetasjon og gjev godt beite. Dei mange og store våtmarksområda gjev liv til eit yrande fugleliv som og dreg nytte av det opne beitelandskapet.
- **Verdifulle stølsmiljø:** På og rundt mange av stølane er det opne, ugjødsle areal med vegetasjon som er avhengig av slått og beite, og som i nasjonal samanheng er truga. Enkelte stader finn ein artsrik slåttemark, som er ein utvald naturtype med spesielt vern.

Dette samspelet mellom naturgrunnlag og aktivt jordbruk er sjølv kjernen i kulturlandskapet. Utan beitedyra ville store delar av dette opne landskapet grodd att.

Rikt på historie og liv

Stølslaga med sine tradisjonelle bygningar er dei mest synlege spora etter menneska sitt liv og virke på Stølsvidda. Men historia går mykje lenger tilbake. Overalt i terrenget finst det spor etter tidlegare tiders aktivitet, spesielt etter den omfattande produksjonen av jern frå myrmalm i jernalder og mellomalder.

Dagens stølsdrift er ei levande vidareføring av ein tusenårig tradisjon med å bruke ressursane i fjellet. Det er denne lange og samanhengande historia, kombinert med eit rikt naturmangfald, som gjer Stølsvidda til eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap.

For deg som vil vite meir: Boka *Støsliv i Vestre Slidre* av Gunnar Hauge og Frode Rolandsgard. Kartlegging av bygningsmiljø på Stølsvidda av Anne Marit Noraker og Odd Arne Rudi, Valdresmusea 2020. Ei grundig oversikt over kulturminne, frå jernvinneanlegg til stølsbygningar, finn du i **Kulturminneplan for Nord-Aurdal** og **Kulturmiljøplan for Vestre Slidre**. Bøkene *TIL SETERS* av Lars Reinton og *Seterbruket i Norge* av Knut Hermundstad er også fylldige om tidlegare tiders historie.



6 Spor etter folk og fe gjennom tidene

Stølslaga med sine hus, inngjerda jorde og omkringliggende beiteområde dannar eit kulturlandskap som er karakteristisk for store delar av Valdres. Sjølv om drifta varierer, er dette landskapet framleis «godt lesbart» og vitnar om ein levande tradisjon.

Frå steinalderjakt til jernalderens industri

Dei eldste spora etter menneske på Stølsvidda stammar frå steinalderen, særleg langs Midtre Syndin og Flyvatnet. Dette var buplassar knytte til jakt og fangst i fjellet. Dei første teikna på husdyrhald kjem i bronsealderen. Fleire skålgropsteinar – små, skålforma helleristingar – tyder på tidleg beitebruk, sjølv om vi enno manglar meir handfaste prov.

Den verkeleg store aktiviteten starta i eldre jernalder. Då vart området teke i bruk for ein omfattande produksjon av jern frå myrmalm. Denne *jernvinna* fekk etter kvart preg av overskotsproduksjon, der jernet vart ein viktig eksportartikkel. Dei mange gravfunna rundt Flyvatnet tyder på at det vaks fram eit meir fast busett og velståande samfunn i yngre jernalder.

Stølsdrifta veks fram

Kva som skjedde vidare gjennom mellomalderen er meir usikkert, og vi veit ikkje korleis Svartedauden påverka busetjinga. Men skriftlege kjelder viser at det var grunnlag for fast gardsdrift i nærområdet allereie på 1500-talet.

Sjølve stølsdrifta slik vi kjenner ho i dag tok truleg form frå 1600-talet og hadde si stordomstid på 1700- og 1800-talet. Jordgrunnlaget i bygda var for lite, så dei utnytta beiteareal på fjellet for å berge en større buskap. I den samanhengen hadde dei med seg alle dyr på fjellet, sau, geit, gris, høne og ku. Stølslandskapet vert forma i denne tida då dyra beite graset og folket trengde brennsei før å ta vare på ressursane dyra gav dei. Dette gav eit viddelandskap med lite skogvegetasjon.

Det er i denne perioden det verdifulle landskapet verkeleg vart forma. Sjølv om nokre støslag er meir aktive enn andre i dag, er det framleis denne tradisjonen som held landskapet ope.



Foto: Anne Marit Noraker

Eit system med klokskap

Plasseringa av stølane var ikkje tilfeldig. Dei ligg i dei beste solhellingane, med tilgang på friskt vatn og gode beiteområde, og trygt for skred og flaum. Dei fleste gardane hadde ei ordning med både heimstøl og langstøl. Gardbrukarane veksle mellom desse for å sikre at dyra alltid hadde ferske beite, og ikkje minst for at heimehamna skulle få fred til å vekse seg frodig midt på sommaren. Dette vitnar om ein djup kunnskap om naturen og berekraftig ressursforvaltning som har gått i arv gjennom generasjonar.

Jordbruk og driftsformer – hjartet i kulturlandskapet

Stølsvidda er eit sentralt støls- og utmarksbeiteområde for bygdene i Valdres. Kjerneaktiviteten har alltid vore knytt til stølsdrifta: produksjon av ost og smør, utmarksbeiting for buskapen, og hausting av vinterfôr. I tillegg har området vorte nytta til torvuttak, jakt og fiske.

I dag er det framleis tradisjonell stølsdrift med mjølkeproduksjon på om lag 46 stølar (2024), men talet på aktive stølar har opphavleg vore ti til tolv gonger så høgt.

Utviding av jordbruksareala

For å styrke driftsgrunnlaget fekk ein stor del av stølane tildelt tilleggsjord for dyrking og beite gjennom heile 1900-talet, særleg fram til 1970-åra. Desse areala vart i hovudsak lagt som utvidingar av dei gamle stølsjorda. Sjølv om nydyrking har mindre omfang i dag, utgjer desse jordbruksareala i fjellet ein naudsynt og viktig del av ressursgrunnlaget for jordbruket i distriktet.

Beitebruk – nøkkelen til det opne landskapet

Bruken av utmarksbeitet er framleis heilt sentral. Kvar sommar blir store mengder storfe og småfe sleppte på beite, og det er desse dyra som gjer den viktigaste jobben med å halde kulturlandskapet ope. Beitetrykket er likevel ujamnt fordelt. Nokre område blir hardt beita, medan andre er i ferd med å gro att. Ei jamnare fordeling av beitedyr i heile området vil gje ei betre utnytting av ressursane. Spesielt dei mest produktive beiteområda er viktige å nytte, og det er desse areala som raskast gror att om dei ikkje blir nytta.




Fjellstølen. Foto: Berit Hilmen-Svanheld


Utfordringar med attgroing og forfall

Redusert aktivitet fører til utfordringar. Attgroing har vore eit aukande problem sidan etterkrigstida. Sjølv om det sidan 1990-talet har vorte gjort ein stor innsats med krattknusing og hogst for å halde viktige beiteareal opne, krevst det ein kontinuerleg innsats. Bygningar som fjøs og utlær som ikkje lenger er i aktiv bruk, er utsette for forfall, men heldigvis blir også mange av desse teke vare på av ansvarsfulle eigarar.

NIBIO – Norsk institutt for bioøkonomi, har laga modeller som syner kva for landskap som vil bli attgrodd med skog om beitinga opphører.

Bilete under syner tilgjengeleg beiteareal for sau i dag delt inn i tre beitekvalitetsklassar i ulike grøntonar. Biletet på neste side er frå attgroingsmodellen til NIBIO. Den viser skoglaust fastmarksareal under den klimatiske skoggrensa i raudt. På desse areala vil skogen etablere seg ved lågt haustingstrykk, sjølv utan verknad frå endring i klima. Begge bileta er henta frå NIBIO sin hovudkartløyising Kilden (<https://kilden.nibio.no>).





Attgroingsmodell for beite.

7 Eit attraktivt område for friluftsliv og reiseliv

Stølsvidda er ikkje berre eit viktig jordbrukslandskap; det er òg eit svært populært og mykje brukt område for friluftsliv, hyttekultur og reiseliv.

Hytter og fritidsbustader

Inne i sjølve UKL-området ligg det eit stort tal eldre hytter og fritidsbustader, ofte i eller nær dei tradisjonelle støslaga. I randsona rundt Stølsvidda – særleg ved Syndin-vatna, Vaset og i Tisleidalen – finn ein nokre av dei største hytteområda i Valdres. Her har det vorte bygd mange hytter dei siste tiåra, og områda er i stadig utvikling. Brukarane her er viktige gjester i kulturlandskapet, og dei er på hyttene hovudsakleg for å nyte natur og kulturlandskapet. Sommar som vinter.

Utfordringar knyta til mykje folk i fjellet er:

- Laushundar og eigarar som ikkje respekterer bandtvangen
- Syklistar og turgåarar som beveger seg inn i dyreflokkar og skapar unødvendig uro. Dette kan føre til at dyra blir skilt frå kvarandre eller spreidd over unødig store områder.
- Mangel på respekt for å lukke grunder, klive gjerder eller vera for nære stølar.

Det er viktig med god informasjon og å kanalisere bruken for å sikre god stølsforvaltning.

Eit eldorado for turfolk og aktive

Kvar dag, året rundt, blir Stølsvidda nytta av eit stort tal menneske. Området er særleg viktig for lokalbefolkninga, men trekkjer òg til seg hytteeigarar og tilreisande som søker naturopplevingar. Her finn folk rom for eit mangfald av aktivitetar:

- **Fotturar og sykling:** Området er kryssa av populære og godt merkte ruter. Den nasjonalt kjende sykkelruta «**Mjølkevegen**» går gjennom hjartet av Stølsvidda. I tillegg er den historiske vandreruta «**Stølsruta**», utvikla i samarbeid med DNT og Riksantikvaren, eit populært tilbod som kombinerer tur med kulturhistorie.
- **Jakt og fiske:** Med mange vatn og viddeterreng gjer området attraktivt for jakt og fiske, noko salet av fleire tusen jakt- og fiskekort kvart år vitnar om.

Godt tilrettelagt for publikum

Gjennom mange år har grunneigarane – fjellstyret i Vestre Slidre og sameiga i Nord-Aurdal – lagt ned ein stor innsats for å leggje til rette for friluftsliv. Det er etablert eit omfattande nettverk av merkte stigar, informasjonstavler, rastebord og parkeringsplassar. Dette gjer dei unike natur- og kulturverdiane lett tilgjengelege for alle.

Rundt Stølsvidda finst det òg eit breitt spekter av reiselivsbedrifter, frå tradisjonsrike fjellstuer og hotell til leirskular og aktivitetssenter. Desse er viktige for verdiskapinga i regionen og bidreg til å gjere området til eit endå meir attraktivt reisemål.

Turistbedrifter og anna næring

- Dei eksisterende turistbedriftene i nærområdet tilbyr mange aktiviteter og driv stadig utvikling av tilbud.
- Det blir drive stølsturisme på nokre aktive stølar.
- Det er gjort forsøk på «guiding» med naturverdiene som tema, men bare i liten skala



Foto: Valdres Natur og kulturpark, Valdres.no

8 Eit rikt natur- og dyreliv – forma av stølsdrifta

Landskapet på Stølsvidda er ein levande mosaikk av ulike naturtypar. Det er dette mangfaldet, skapt gjennom hundrevis av år med stølsdrift, som gjer området spesielt verdifullt for plante- og dyrelivet. Den aktive bruken med slått og beite har hindra attgroing og skapt ein balanse der mange truga artar finn ein fristad.

Mykje av arealet på Stølsvidda består av såkalla semi-naturlege naturtypar som slåttemark, naturbeitemark og boreal hei. Dette er utvalde naturtypar som er heilt avhengige av aktivt jordbruk for å overleve. Utan beitedyr og slått vil dei raskt gro att med buskar og tre, og det verdifulle artsmangfaldet vil gå tapt.

Dei mest verdifulle områda for plantelivet finn vi gjerne i utmarka rundt stølslaga, der beitinga har vore mest intensiv. Her kan ein framleis finne gamle område med eit rikt innslag av sjeldne blomar og planter. God skjøtsel, som rydding av kratt, slått og passe stort beitetrykk, er avgjerande for å halde desse verdifulle områda i hevd. På gamle stølsvoller med lite jordarbeiding og gjødsling kan det og vera artsrik vegetasjon og i nokre tilfelle den utvalde naturtypen slåttemark.



Foto: Berit Hilmen-Svanheld

Eit fugleparadis skapt av vatn og beite

Stølsvidda er vidkjent for sitt rike fugleliv, noko som skuldast den unike kombinasjonen av store, opne myrkompleks og eit ekstensivt drive stølslandskap med mykje beitedyr. Stølsvollane og dei opne beitemarkene er matleitings- og hekkeområde for ei rekkje artar.

Området har ein uvanleg høg tettleik av fugl, spesielt vassfugl. Fleire sårbare og truga artar, som **dobbeltbekkasin**, **myrhauk** og **vipe**, har viktige hekkeområde her. Den tradisjonelle stølsdrifta med slått og beiting er derfor heilt avgjerande for å oppretthalde desse verdiane.

Sjølv om talet på påviste fugleartar har auka dei siste tiåra, har talet på hekkande par av enkelte vassfuglar diverre gått ned. Dette speglar ein generell trend. For å sikre fuglelivet for framtida er det avgjerande at våtmarkene blir verna mot inngrep, og at kulturlandskapet blir halde i hevd gjennom aktiv og målretta bruk.

Kulturhistoriske verdiar: Eit landskap rikt på spor

Stølsvidda er eit stort, samanhengande stølsområde der stølane ligg konsentrert i grender, kalla *stølslag*. Desse støslaga, med sine bygningar, inngjerda jorde og beiteområde, dannar eit kulturlandskap som er karakteristisk for heile Valdres.

Den eldgamle jernvinna

Lenge før stølsdrifta dominerte, var Stølsvidda eit industriområde for jernutvinning. Ved hjelp av moderne teknologi som LIDAR-skanning – ein slags laserskanning frå fly – har Innlandet fylkeskommune avdekt eit enormt omfang av denne aktiviteten. Det er påvist over 400 jernvinneanlegg og meir enn 1600 kolgroper, hovudsakleg frå mellomalderen. Dette fortel om ein storstilt produksjon som skapte velstand og var ein viktig del av økonomien i Valdres. Nyare arkeologiske undersøkingar langs Flyvatnet og Tisleifjorden stadfestar at jernproduksjonen har funne stad heilt frå romartid og vikingtid.

Samiske spor og førhistoriske funn

Ved Rensenn er det gjort unike funn som antyd samisk busetjing i overgangen mellom vikingtid og mellomalder. Ei rund gammetuft med eit karakteristisk eldstad tyder på samkvem og kulturmøte i fjellet.

Området, særleg rundt Flyvatnet, er rikt på funn frå yngre jernalder, med graver som inneheldt sverd, økser og pilspissar. Desse funna fekk arkeologen Bjørn Hougen til å spekulere på om det kan ha vore ein fast busetnad her. Fleire skålgropsteinar vitnar òg om aktivitet heilt tilbake til bronsealderen.

Andre kulturspor og tradisjonar

I tillegg til dei store anlegga, er landskapet fullt av mindre, men like viktige kulturminne som fortel om kvardagslivet:

- **Stølsliv:** Stølseigarar har dokumentert alt frå kjølekjelder og vaskeplassar til mjølkerampar og steinmurar.
- **Gamle ferdselsveggar:** Den gamle *saltvegen* frå vest var ei livsviktig åre for transport av varer som salt, skinn og jern.
- **Ressursutnytting:** Spor etter utslåtter og torvtak viser korleis alle ressursar i fjellet vart nytta.
- **Munnleg tradisjon:** Segner og regler om vêr og vind, og historier om underjordiske, er ein del av den immaterielle kulturarven knytt til Stølsvidda.

Bygningsmiljøet: Eit levande museum

Bygningane på Stølsvidda er sjølve kjernen i det synlege kulturlandskapet. Styringsgruppa for UKL Stølsvidda bad sommaren 2019 Valdresmusea om å gjere ei oversiktskartlegging av verdifulle og utsette bygningar og bygningsmiljø i UKL- område Stølsvidda. Formålet med kartlegginga var å gje eit betre grunnlag for å prioritere støtte til istandsettingstiltak av bygningar og bygningsmiljø. Kartlegginga har dokumentert den unike byggeskikken og peikt ut særleg verdifulle bygningar og stølsmiljø. Dei fleste stølane har sel, fjøs og løe, og bygningane viser ei nøysam og smart utnytting av materiale og ressursar. Fleire av stølane har og naust. Det vart tidlegare hausta vinterfôr på utslåtter, og på mange av desse har det tidlegare stått løer. I dag er det mest stadnamn og tufter etter løene som er tilbake.

Kartlegginga la spesielt vekt på å synleggjere dei mange små stølshusa som står i fare for å bli heilt borte av di det ikkje er bruk for dei lenger. Dette er som nemnt løer, men og kokehus, mjølkebuer (avkjølingar), vedskjul og uthus. Modernisering med aggregat, rundballeutstyr og straum gjer at desse husa ikkje er i bruk lenger, og mindre aktuelt å koste pengar på for

vedlikehald. Rapporten kan ein lesa i si heilheit på nettsida til Valdresmusea:
<https://valdresmusea.no/byggeskikken-pa-stolsvidda>



Todelt sel med mjølkebu i ei lengde – eit fråflytta og eit i bruk

Kvifor ta vare på historia

Stølshusa og stølslaga er viktige innslag i kulturlandskapet. Den eldre bygningsmassen gir ein inngang til å forstå livet før; i Valdres spesielt og Noreg generelt. Husa gir eit bilete av kor viktige stølsviddene har vore som levegrunnlag og arbeidsplass. Dei gir òg eit bilete på kunnskap som er i ferd med å gå tapt, og eit nøysamt liv der folk laut klare seg med svært lite. Dette gjeld anten stølshusa er av dei eldste typane, eller meir typiske for den aktive stølinga på særleg første halvdel av 1900-talet. Stølsmiljøa bidreg slik å spreie kunnskap og opplevingar både for fastbuande, tilreisande – og dei som kjem etter oss. Huseigarar, hyttefolk, turgåarar, turistar, forskarar frå ulike fagmiljø, reiselivsbedrifter og framtidens ulike brukarar, kan ha ulik nytte og glede av at mykje av bygningsmiljø på stølsvidda beheld det særpreget det har i dag.

- I undersøkinga søkte Valdresmusea å telle opp historisk interessante bygg, og fann til saman 500–600 stølshus.
- Kring 1/4 av desse er sel, resten er fjøs, løer, kokehus, mjølkebuer, naust og anna.

Sjølv om mange bygningar er prega av forfall etter at drifta tok slutt, står Stølsvidda fram som eit av dei mest interessante bygningshistoriske miljøa i landet. Det er eit kollektivt ansvar å ta vare på dette bygningsmiljøet.

Dei best bevara stølslaga finn vi på Breiset, Hermannstølen, Gjølmyr og Menka, Gauklie, Tyrishølt, Fjellstølen, Kvitehaugen, Strø, Nørre Trøllhøvd, Grønsenn og Råstølen. Samstundes er mange bygningar prega av forfall.



Foto: Anne Marit Noraker frå rapporten «Kartlegging av bygningsmiljø på Stølsvidda i Valdres» 2020

Loverk – status og tiltak

Områdets status i plan- og bygningsloven

Delområdet som er markert som «verdifulle kulturlandskap» i Naturbase ligg i Nord-Aurdal kommune, og er vist med omsynssone for bevaring av kulturmiljø etter pbl § 11.8 c i kommuneplanens arealdel med retningslinjer for forvaltning av området. Stølsområda skal takast best mogleg vare på, og området skal skjermast for inngrep som kan endre karakteren på området. Resten av området er vist som LNF - landbruks-, natur- og friluftsområde, bortsett fra nokre mindre felt vist som framtidige hytteområde. At området er et LNF-område krev ekstra omsyn, og ein dispensasjon for bygging av nye bygg er med på å sikre naturmangfaldet.

Kommuneplanen sin arealdel er vedteken for perioden 2022–2030 i Vestre Slidre, og Nord-Aurdal slutfører den reviderte planen sin når denne forvaltningsplanen blir skriven. I kommunal planstrategi har kulturlandskap og stølsområde vore nemnt som satsingsområde. Nord-Aurdal er den største jordbrukskommuna i Valdres, og ynskjer å ha eit allsidig næringsliv med attraktive arbeidsplassar, mellom anna i landbruket. Nord-Aurdal kommune er den nest største kommuna i Innlandet når det gjelder stølsdrift.

I Vestre Slidre ligg UKL- område som LNF 2 i kommuneplanens arealdel med føresegn og retningslinjer som regulerer størrelse og utforming på hytter på eksisterande fritidseigedomar. LNF-område 2 har særskilte kultur og landskapsverdiar. Ved etablering av nybygg av alle slag, skal ein forsøke å plassere bygningane slik at dei harmonerer godt med stølslandskapet både når det gjeld form, farge, materialval og storleik. Kommunen ynskjer å ta vare på mest mogleg av det eksisterande kulturlandskapet i dei støls- og utmarksområda som ikkje er definert som byggeområde, og å ivareta grøntområde og grøntdrag som ikkje er nedbygd. Vestre Slidre

kommune vil difor føre ei streng og restriktiv line i høve til dispensasjonssøknadar i statsallmenninga, spesielt i og i tilknytning til stølsområda (LNF-2 og 3 område).

Det er ikkje fredingar etter naturmangfaldlova innanfor området.



Foto: Anna Karoline Ness

Litteraturliste – for den som vil lære meir om området

Hougen, Bjørn: *Fra seter til gård*, Oslo 1947

Høitomt, Geir 2019. STØLSVIDDA Ornitologisk rapport. Kistefos skogtjenester. Rapport nr. 14-2019.

Høitomt, Geir 1984. Ornitologisk rapport fra Flæin, Hestedekkan, Tindulvtjern/Gauklitjern mm. Norsk Ornitologisk Forening avd. Oppland. Rapport.

Kirkevoll, G. O. Merkelege steinar og oldfunn i fjellet i Vestre Slidre i *Tidsskrift for Valdres historielag*, 19. årg. 1941 (4. Hefte av IV. Band)

Mobæk Ragnhild, Rekdal Yngve og Angeloff Michael. NIBIO_RAPPORT_2023_9_145. Vegetasjon og beite i Vestre Slidre statsallmenning og Grunke Sameie.

<https://nva.sikt.no/registration/0198cc9694b4-df294774-6323-4326-9b9c-6c2519212a96>

Myhre, Bjørn og Ingvild Øye: *Norges landbrukshistorie, Bind I*, Oslo 2002

Noraker, Anne Marit og Rudi, Odd Arne. Valdresmusea 2020 - «Kartlegging av bygningsmiljø på Stølsvidda i Valdres» - <https://valdresmusea.no/byggeskikken-pa-stolsvidda>

Rekdal Yngve og Angeloff Michael. NIJOS-Rapport-2002-05. Vegetasjon og beite i Svennes Sameie. Rapport frå vegetasjonskartlegging. <https://nva.sikt.no/registration/0198cc7c2db1-d560c83b-6037-4a54-bc33-619ac9b54f22>

Rekdal Yngve og Angeloff Michael. NIJOS-Rapport-2003-02. Vegetasjon og beite i Ulnes sameige - Rapport frå vegetasjonskartlegging. <https://nva.sikt.no/registration/0198cc845c56-80c92d2f-e6be-4e22-bb7f-d6987782c1bd>

Sefrak registreringer i N-A 96-20-05-10-25. kontrollrapport. Gammel byggeskikk fra Nord-Aurdal.



Foto: Tone Ranheim

Vedlegg 1- Liste over støslag

| Vestre Slidre | Nord Aurdal: |
|---|---|
| <ol style="list-style-type: none"> 1. Bøastølen/Nørre Gile 2. Ristegile 3. Nøse, Ørmestadstølen og Svult 4. Strø 5. Kvitehaugen og Flikja 6. Grønsenn 7. Jaslangen 8. Halvorstølen 9. Soleikro 10. Jomssyndin 11. Trøllhøvd 12. Bukono 13. Hanafjorden 14. Svenskin 15. Buøddin 16. Nøse 17. Flisøyne 18. Flyin 19. Baklie 20. Rensenn 21. Grøneli 22. Krististølen 23. Kinnhølt 24. Kvålsstølane 25. Bjødnhøvd 26. Røvsalin 27. Murkelie 28. Vistestølen | <ol style="list-style-type: none"> 29. Gomostølen 30. Valtjernstølen 31. Revulen 32. Brattåsen 33. Rognås nystøl 34. Fjellstølen 35. Tyrisholt 36. Langestølen 37. Gauklie 38. Furuset 39. Feten 40. Naustedokke 41. Geitrygga 42. Fløten 43. Hermanstølen 44. Brattstølen 45. Menka 46. Liaset 47. Gjølmyr 48. Ølsjøbakko 49. Breiset 50. Sellanrå |

Vedlegg 2: Bygningsmiljøene

I eiendomsregisteret er følgende bygninger registrert i Vestre Slidre kommune og Nord – Aurdal kommune:

Nord-Aurdal kommune er med i Riksantikvarens miljøovervåkningsprogram for verneverdige kulturminner. Dette er truleg grunnen til et veldig ulikt antall SEFRAK – bygninger registrert i dei to kommunane.

Bygningsliste Vestre Slidre kommune:

| | | |
|-----|---|-----|
| 111 | Enebolig | 2 |
| 161 | Fritidsbolig | 341 |
| 171 | Seterhus, sel, rorbu ol | 337 |
| 172 | Skogs- og utmarkskoie, gamle | 1 |
| 181 | Garasje, uthus, anneks til bolig | 2 |
| 182 | Garasje, uthus , anneks knyttet til fritidsbolig | 268 |
| 183 | Naust, båthus, sjøbu | 71 |
| 239 | Annen lagerbygning | 2 |
| | Hus for dyr/landbr.lager/silo; hus for dyr, fôrlager, strølager, landbrukssilo, | |
| 241 | høy-/korntørke | 86 |
| 248 | Annen fiskeri- og fangstbygning | 4 |
| 249 | Annen landbruksbygning | 395 |
| 511 | Hotellbygning | 1 |
| 524 | Camping- /utleiehytte | 1 |
| 999 | Ukjent byggtipe | 1 |

AntallSEFRAK-bygg: 31



Sel i fire-fem lengder (skut, sel, mjølkebu, fjøs)

Foto: Anne Marit Noraker

Bygningsliste Nord-Aurdal kommune:

| Bygningstype | Antall |
|--|--------|
| Våningshus | 4 |
| Fritidsbolig | 603 |
| Seterhus, sel, rorbu ol | 275 |
| Skogs- og utmarkskoie, gamle | 2 |
| Garasje, uthus, anneks til bolig | 4 |
| Garasje, uthus , anneks knyttet til fritidsbolig | 321 |
| Naust, båthus, sjøbu | 4 |
| Annen boligbygning (sekundærbolig reindrift) | 5 |
| Lagerhall | 2 |
| Annen lagerbygning | 7 |
| Hus for dyr/landbr.lager/silo; hus for dyr, fôrlager, strølager, landbrukssilo, høy- /korntørke | 297 |
| Driftsbygning for fiske og fangst inkludert oppdrettsanlegg | 7 |
| Naust/redskapshus for fiske; naust / redskapshus for fiske | 33 |
| Annen landbruksbygning | 61 |
| Butikk/forretningsbygning | 1 |
| Camping- /utleiehytte | 4 |
| Restaurantbygning, kafébygning | 1 |
| Annen bygninger for religiøse aktiviteter | 5 |

Antall SEFRAK-bygg:168